

# EKSTEMVÊRET HANS RASERTE BYGDA I FJOR, I ÅR INNTREFFER MARIANNE

Denne veka fekk foreldra i Vistdal ein beskjed om at Vistdal oppvekstsenter var oppe for høyring for nedlegging. Foreldra i Vistdal legg seg ikkje ned, men bretter opp ermene for kjempe for skulen og barnhagen vår.

For det ikkje administrasjonen veit er at Vistdal oppvekstsenter er noko heilt unikt. Her har vi tilsette med høg fagleg kompetanse. Her har vi variert undervisning, slik at alle elevar skal kjenne seg inkludert og sett. Her tek vi i bruk lokalmiljøet for at barna skal få praktisk læring. Barnehagebarn og skolebarn har fått delteke på birøkting, lamming, besøkt kufjøs og ridd på hest, att på til har dei fått omvising på lokale bedrifter. Dette bidreg



til at barna får knytte band med kvarandre og den fine bygda vår gjennom felles opplevingar. Vi hadde akkurat senka skuldrane då Vistdal Utleieboliger blei einstemmig vedtatt og Vistdal Skole blei vedteke som oppvekstsenter. Endeleg ein opptur! Så kjem kuttforslaga på kort varsel som eit bakhaldsangrep.

For oppvekstsenteret er sjølv hjartet til bygda vår. Det å legge ned oppvekstsenteret får ikkje berre konsekvensar for oss som foreldre og barna våre, men det vil også ha katastrofale ringverknadar på bygda, for dette vil føre til at ei bygd dør ut. For tenk deg sjølv. Du flyttar til ei bygd der barn i frå 6 år til 15 år må køyre med buss tilsvarande ei arbeidsveke i månaden, for både alternativa Eresfjord skole og Åfarnes skole er det over 2 timar med reiseveg dagleg. For barn og ungdom er over 2 timar kvar dag verdifull tid. Dei mistar tid til å vere fysisk aktiv og vere med på fritidsaktivitetar. Det er lang tid på buss utan vaksentilsyn. Kva er prisen på ein god oppvekst?

Skal verkeleg barna våre bli straffa for at kommunen vil dekke over meirforbruk i andre sektorar? Det vi har sett i dei siste åra er at det stadig blir fordra til kutt i skolen. Kor går grensa på kor mykje vi skal kutte? Brannslokkinga har halde på i fleire år, og nå godtek vi ikkje at dette skal gå utover barna våre lengre. For vi sitt med ei oppleving at det er stadig dei som ikkje har ei stemme og dei sårbare gruppene i samfunnet som blir straffa når kommunen sett i gang med sparekniven.

Eit av argumenta i Saksframlegget til Kommunestyret og formannskapet er at «*Det er for tiden svært utfordrende å rekruttere ansatte til Vistdal Oppvekstsenter*». Så langt som FAU er kjent med er det ikkje blitt lyst ut fastestillingar på fleire år, men berre korte vikariat. FAU er også blitt informert om sparetiltak som blant anna inneber at ved sjukefråvær skal det ikkje bli hyra inn vikarar. Kommunen har derfor ikkje belegg å påstå at det er store rekrutteringsutfordringar.

Vistdal har så mange moglegheiter for å bli ei levande og berekraftig bygd, men då treng vi ro. For no går alle kreftene til å kjempe for å behalde det vi har. Tenk om vi kunne ha teke i bruk dei kreftene for å lage nye arbeidsplassar, legge til rette for nye bustadar og kunne tiltrekke nye fastbuande. For det vi møter no er, «er det lurt å flytte til Vistdal, er ikkje skolen snart nedlagt då?».

*Joakim Lange, leder FAU*

*Ida Blanche Lange, leder Foreldrerådet*